

Leseplan for



og



«Me les kvar dag»



2021/22

Planen er delt inn etter følgjande kriterium:

- * Å skape engasjement og ambisjonar.
- * Å utvikle språkleg dugleik.
- * Å kunne kode om.
- * Å lese med forståing.
- * Kartlegging og vurdering.

Inndelinga er slik:

- * **Furuli barnehage**
- * **1. - 4. klassesteg**
- * **5. - 7. klassesteg**
- * **8. – 10. klassesteg**

Overordna mål: Born og elevar i Kaupanger skal utvikla og vidareutvikle god lesedugleik, og ha stor leselyst. Det inneber leseopplæring og lesing i alle fag, og på alle steg. Lesing er ein grunnleggjande dugleik som i følgje Læreplanane skal integrerast i opplæringa i alle fag

Alle barn og unge på Kaupanger skal få ei leseopplæring som er med på å skape engasjement og ambisjonar for lesing. Dei skal få utvikle språkleg dugleik og kunne kode om. Leseopplæringa skal også syte for at dei kan lese med forståing og nytte kunnskapen i eiga lesing og læring. **Ein god og glad lesar** har nøkkelen til all vidare læring, får gode leseopplevingar gjennom litteratur, og vil oppleve eigenverd og god sjølvkjensle.

Lesing er grunnleggjande for anna læring, personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Lesing dreiar seg ikkje berre om teknikk og dugleik. Tileigning av lesedugleik skjer ofte gjennom dei gode opplevingane med litteratur og tekst. Det må derfor leggjast vekt på gode leseopplevingar gjennom alle grunnskuleåra.

Leseplanen er utarbeida av dei tilsette i Furuli barnehag og på Kaupanger skule. Alle tilsette skal kjenne og kunne planen, og er forplikta seg til å arbeide etter den.

26.07.21

Furuli barnehage

Furuli barnehage tek utgangpunkt i Rammeplan for barnehagen og fagområdet Kommunikasjon, språk og tekst i måten me jobbar med språk og språkutvikling i barnehagen.

Barnehagen skal bidra til at borna får utforska og utvikla språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Borna skal møta ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim , regler, songar og litteratur. Barnehagen skal leggja til rette for å leika med språk, symbol og tekst og stimulera til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. (RP, s.48.)

Ut i frå dette nyttar me oss av desse arbeidsmetodane i kvardagen;

- song, rytme, rim og reglar
- leika med språk
- lyd og lytteleikar
- setja ord og samtala med borna på alt me ser
- «badar» borna i ord
- har bøker lett tilgjengeleg
- høgtlesing
- minibibliotek i barnehagen
- oppfordrar foreldre/føresette til å låna bøker med seg heim. Les høgt for borna heime.
- dialogisk lesing
- «boka mi», borna tek med ei bok frå heimen. Denne boka blir lest både heime og i barnehagen.
- -synleggjera språket ved å skriva kva dei ulike tingar er
- -skriva namnet på barnet i alle moglege situasjonar, slik at dei kjenner att namna sine

I tillegg til desse metodane som gjeld alle borna, jobbar me spesifikt med andre lese -og skuleførebuande aktivitetar for dei eldste, jf. Plan for overgang barnehage – skule.

Her kan me nemna; tekstskaping, forstå samanhengen mellom munnleg og skrifteleg språk, øva på skrive og leseretning, skrive-dans, leik med bokstavar, tal og omgrep, øva på å skriva namnet sitt, ta i mot munnlege beskjedar.



Leseplan for Kaupanger skule byggjer på

- * Læreplan sine kompetansemål, lesing som grunnleggande dugleik, og lesing i alle fag.

Lesing i alle fag – alle lærarar er leselærarar

- Alle lærarar skal setje av tid til lesing i sine fag.
- Lærarane skal vere bevisste og bruke ulike lesestrategiar.
- Veksle mellom stillelesing og høgtlesing.
- Bruke dei læringsstrategiane elevane har lært.
- Utvikle ordforrådet i faga ved hjelp av varierte metodar.
- Jobbe med omgrepslæring.
- Faglærar er ansvarleg for nye faguttrykk i sitt fag og for samarbeid for å utvikle elevane sitt ordforråd over faggrenser.
- Fagord og andre viktige ord og omgrep skal arbeidast med munnleg/skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar



1. – 4. klassesteg

Å skape engasjement og ambisjonar.

Elevane startar på skulen med stor motivasjon og høge forventningar til å lære å lese. Difor vert det spesielt viktig å lukkast med lesinga. Elevane må difor få gode lese- og meistringsopplevingar, uavhengig av dugleiksnivået deira. Meistring fører til motivasjon, og gode leseopplevingar som er med på å fremje leseutviklinga til den einskilde eleven.

Tilgang til bøker/ litteratur.

- Det skal vera bøker/ klassebibliotek på kvart klassesteg med tilpassa lesebøker etter nivå. Bøkene må skiftast ut etter ei tid.
- Nytte småbøker og bibliotekbøker for repetert lesing kvar veke.
- Elevar skal ha tilgang til ulik litteratur: skjønnlitteratur, fakta-/fagbøker, småbøker og internett
- Nokre nyttar diamantar i lesekrukke for å auka motivasjon. Etter full krukke blir det bokfest.
- I 4. klasse er det lesevake på skulen.

Korleis sikre at elevane les nok bøker/ tekstar/ litteratur?

- Elevane skal dagleg verte lest høgt for av vaksen/medelev på skulen.
- Skulen skal kvittera på lesekort og skriva på ny leseleksa.
- Elevane skal få lesebok etter evne og interesse, det er lærar sitt ansvar å tilpasse litteraturen.



Høgtlesing.

Dagleg skal elevane lese høgt/lesast høgt for i 15 minutt eller meir. Dette kan vera lesing / lydbok i td matstunda, samlingsstund(starten/slutten av dagen), elevane les høgt for kvarandre osv. Sjå evt vedlegg nr 4.

Litteraturformidling.

- * 3. klasse reiser på besøk til biblioteket i Sogndal
- * 1.-4. klasse låner nye bøker på skulebiblioteket kvar veke.
- * 1.-4. klasse har forfattarbesøk.

Føresette si rolle.

- Kvar haust skal det på foreldremøte informerast om leseplanen, lesing og forventningar til føresette at dei finn ei lenke til Kaupanger skule sin leseplan på heimesida.
- Føresette skal på alle fire klassestega få rettleiing om lesing. Dette skal skje gjennom foreldremøte, utviklingsamtalar eller på vekeplan.
- Ein føresett skal signera på lesekort etter leselekse måndag/tysdag/onsdag/torsdag
- Heimen les bibliotekbok/lesebok saman med eleven

Å utvikle språkleg dugleik

Språkleg dugleik er det emnet i planen som sterkast påpeikar forholdet mellom dei grunnleggjande dugleikane å kunne lese, å kunne uttrykke seg skriftleg og å kunne uttrykke seg munnleg.

I læreplanen blir lesing skildra i dei ulike faga med verb som; gjere, stille spørsmål, samtale om, fortelje, argumentere, formidle, skildre, utforske, uttrykke, presentere, reflektere og samanlikne. Desse dugleikane blir utvikla gjennom å arbeide med tekstar, samtale og tekstskaping. Elevane skal få erfaring med ulike typar tekstar som gjer rom for drøfting, samtale og argumentering.

Eit viktig undervisningsprinsipp er å sikre variasjon av metodar i alle fag. Kvar lærar har ansvar for å arbeide med tekst og innlæring av omgrep i si undervisning.

Munnleg og skriftleg arbeid med tekst og ord.

- I 3.-4. klasse framfører elevane munnleg sjølvskrivne tekstar og bokmeldingar.
- Elevane skal nytta skiving som del av arbeidet med forståing.
- I samband med lesinga skal elevane møte prosessskiving (skiving/ notat/ teikning som elevane brukar for å forstå det dei les) og produktskiving.
- Alle elevar deltek på fellessamling. Dei elevane som ynskjer, framfører noko i form av for eksempel dikt, song, tekst, konferansierar. Dette gjer me for at elevane skal føle meistring øve på å stå fram, styrke sjølvkjensla og få fram det beste i alle elevar.

Å kode om

Når elevane skal lære å kode om, anten det er frå lyd til bokstavkombinasjon eller det er å tilpasse lesemåtar til sjanger, så handlar leseopplæringa i stor grad om at læraren må rettleie elevane. Dei treng rettleiing på ulike nivå i teksten (lyd, bokstav, staving, morfem, ord, setning, skiljeteikn og sjanger). Rettleiinga vil vere avhengig av eleven, klassesteg, opplæringsmål og den einskilde teksten som skal lesast. Desse kodingsprosessane skal vere så automatiserte at lesinga vert flytande.

Bokstavinnlæring.

På Kaupanger skule nyttar me **Elle Melle**(pr 2018/19) sitt læreverk i 1. klasse, og **Salto** i 2.-4. klasse i bokstavinnlæring. I opplæringa lærer elevane dei store og små bokstavane samstundes.



Å lese med

Lesing krev eigenaktivitet, og difor er det viktig at me lærer elevane å vere aktive før, under og etter lesing. Me må lære dei å lese strategisk då me veit at elevar som nyttar ulike lesestrategiar når dei les, lærar meir og utnyttar kunnskapen sin på ein meir effektiv måte. Skal elevane verte funksjonelle lesarar som forstår og brukar det dei les, er det nødvendig at dei les mykje, at dei les varierte tekstar, på ulike måtar og med ulike formål. For å møte leseutfordringane frå ulike tekstar, bøker, aviser, blader eller internett, er det viktig at elevane lærer seg å lese kritisk og strategisk slik at dei raskt klarer å vurdere om og på kva slags måte dei kan utnytte teksten dei har framføre seg.

Å lese strategisk er å bruke bevisste framgangsmåtar for å oppnå betre læringsprestasjonar. Ein lesestrategi kan vere alt frå lese og lære eit nytt ord til å organisere og reflektere rundt innhaldet i ein tekst.

Kartlegging og vurdering av elevane sine kunnskapar og kompetanse

Alle elevar skal kartleggast etter Kaupanger skule sin plan for kartlegging.

- 1.trinn: Aski Raski, Carlsten(vår), UDIR sin lesekartleggingsprøve.
- 2. trinn: Aski Raski, Carlsten leseprøve(haust og vår), UDIR sin lesekartleggingsprøve
- 3. trinn: Aski Raski, Carlsten leseprøve(haust og vår), Ordkjedetesten, UDIR sin lesekartleggingsprøve
- 4. trinn: Aski Raski og Carlsten leseprøve(haust og vår), Ordkjedetesten

Resultata skal drøftast på klasselag, storlag, og i spesial-pedagogisk team. Om det trengst skal det blir sett inn tiltak(Tiltaksplan), dette kan for eksempel vere lesekurs, vidare kartlegging. Det må leggjast vekt på eit nært samarbeid med føresette.

Dei kartleggingsresultata som kan, skal leggast inn på <https://conexus.net/nb/engage/>



5.-7. klassesteg

Å SKAPE ENGASJEMENT OG AMBISJONAR

Tilgang til litteratur

- Skulebiblioteket skal ha ny aktuell litteratur som er tilpassa ulike elevgrupper
- Elevane skal årleg besøka eller ha besøk frå biblioteket
- Lån av bokkassar frå bibliotek.

- Individuell lesing

- Elevane skal lesa sjølvvald litteratur minimum 60 minuttar kvar veke.

- Elevane skal ha leselekser kvar dag. Noko av leseleksa bør vere i andre fag enn norsk.

Høgtlesing

- Dei vaksne les minimum 45 minutt frå ei skjønnlitterær bok kvar veke.
- Alle elevane skal lese høgt for medelevar eller vaksne kvar veke. Dei kan lese skjønnlitterære tekstar eller fagtekstar.

Litteraturformidling

- Det skal presenterast minimum 10 bøker i løpet av eit år på kvart steg.
- Kvart år skal det vere besøk av eksterne litteraturformidlarar.
- Elevane skal presentera minimum ei bok i halvåret til dei andre i klassen.

Leseprojekt

- Kvart trinn skal ha eitt årleg leseprosjekt.
- Kvart trinn startar skuleåret med eit kurs i studieteknikk.

Føresette si rolle

- Lesing skal vere tema på foreldremøte og utviklingsamtalar kvart år. Førsette skal få informasjon om korleis dei kan vere rollemodellar og korleis dei kan påverke og hjelpe barna til å bli gode og aktive lesarar.
- Dei føresette skal høyre eleven lesa høgt frå leseleksa og samtale om det dei les, minimum ein gong i veka.



Å utvikle språkleg dugleik

Munnlege aktivitetar

- Elevane skal jamleg nytte læresamtalen i grupper og i par.
- Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljning og formidling av elevane sine tekstar.

Skriftlege aktivitetar

- Elevane skal jamleg nytta varierte former for produktskriving som ein del av læringa og arbeidet med leseforståing.

Arbeid med ord

- Kvar elev skal læra seg nye ord kvar veke. Orda kan vere ei blanding av høgfrekvente ord, fagord og andre ukjente ord elevane møter i tekster.
- Alle nye fagord og andre viktige ord skal arbeidast med munnleg/ skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.

Å kode om

Ord:

- Elevane bør meistre å lese ord etter morfem og stavingar.
- Elevane bør meistre å lese ord på bokstav-, sekvens- og på ordnivå; stavingar, endingar, konsonantsamansettingar, bindingar, ordkjeder, ordfamiliar, ikkje lydrette ord og samansette ord.
- Elevane bør læra dei 500 mest høgfrekvente orda.

Sjanger

- Skulen set opp ei liste over kva sjangrar elevane skal gjennomgå på kvart steg.

Lese med flyt og intonasjon:

- Elevane skal jamleg erfare modellesing av lærar, medelev og ved hjelp av lydbøker.
- Elevane skal veksle mellom å bruke korlesing, parlesing, veksellesing og repetert lesing.
- Elevane skal jamleg øva på teiknsetjing for å kunne lese teksten med naturlege pausar og tonefall.

Kartlegging og vurdering av elevane sine kunnskapar og kompetanse

- Elevane skal vise at dei forstår og kan bruke nye ord munnleg og skriftleg, t.d. faguttrykk, høgfrequente ord eller andre ord dei møter.
- Det skal vere lesesamtale med den enkelte eleven for å kartleggje avkodning og forståing.
- Skulen skal kartlegge elevane gjennom kartleggings- og observasjonsmateriell:, nasjonale prøvar, Carlstens lesetest(haust & vår), ordkjedetest, setningsleseprøven.

Resultata skal drøftast på klasselag, storlag, og i spesial-pedagogisk team. Om det trengst skal det blir satt inn tiltak(Tiltaksplan), dette kan for eksempel vere lesekurs, vidare kartlegging. Det må leggast vekt på eit nært samarbeid med føresette.

Dei kartleggingsresultata som kan, skal leggast inn på <https://conexus.net/nb/engage/>

Tiltak:

- Skulen må ha ein leserettleiar som ved hjelp av systematisk progresjon hjelper dei elevane som heng etter.
- Det vert arrangert lesekurs to gonger i året.
- Elevane skal møte tilpassa lesemateriell som motiverer med tanke på innhald, alder og dugleik.
- Skulen brukar eigna og variert materiell, t.d. Aski Raski, til dei elevane som treng ekstra trening.
-

Å lese med forståing

Å lese med forståing vil seie å kunne gjengi innhald, forstå, stille spørsmål til reflektere over og dra linjer frå tidlegare kunnskap. Arbeid med lærings- og lesestrategiar gjer øving i dette. Læringsstrategiar byggjer på ulike element. Desse er motivasjon, bakgrunnskunnskap, aktiv læring, dialog, modellering, strukturering og organisering, og må ligge i botn når ein arbeider med dette.

Strategiar:

- Elevane skal dagleg lære å reflektere over tekst.
- Elevane skal vere medvitne på kva strategiar dei kan bruke før, under og etter lesing.
- Elevane på desse stega, særleg på 7.steget, må minst eit par gonger kvart halvår få arbeide sjølvstendig med dei strategiane dei har lært.
- Skulen lagar seg ei oversikt over kva strategiar som dei ulike stega set fokus på.
- Lærarane må variere bruken av dei ulike strategiane.

Observasjon:

- Leseutviklinga til kvar einskild elev skal observerast.
- Desse observasjonane skal nyttast til å betre det vidare arbeidet på steget og eventuelle tiltak til den enkelte elev.
- Kontaktlærer/ norsklærer har ansvar for at observasjonane vert utført.

Tiltak for elevar som ikkje har forventa dugleik:

- Elevar som treng det, får ekstra oppfølging for å læra seg strategisk lesedugleik.
- Dei elevane som har særleg store utfordringar, vert kartlagt vidare med t.d. Aski Raski og/ eller LOGOS.

8.-10. klassesteg

Å skapa engasjement og leselyst

Tilgang til litteratur

- Skulebiblioteket skal ha ny aktuell litteratur som er tilpassa ulike elevgrupper
- Elevane skal årleg besøk eller ha besøk frå biblioteket
- Lån av bokkassar frå bibliotek eller fylkesbiblioteket
- Individuell lesing

Å utvikle språkleg dugleik

Skriftleg dugleik

- Elevane skal møte ulike sjangrar. Fagspesifikke sjangrar er faglærer sitt ansvar.
- Elevane skal jamleg nytte læringsstrategiar som reiskap for å skrive seg til innsikt og kunnskap i alle fag.
- Elevane skal arbeide tverrfagleg for å utvikle evna til refleksjon gjennom skriving
- Arbeidet med å utvikle skriftleg dugleik skal dokumenterast i Teams

Munnleg dugleik

- Elevane skal jamleg bruke læresamtalen som ein måte å arbeide inn nytt lærestoff og fremje refleksjon. Elevane skal jamleg nytte læresamtalen i grupper og i par.
- Elevane skal ha individuelle framføringar minimum kvar periode.
- Læraren skal jamleg modellera munnleg forteljing og formidling.
- Elevane skal gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar.

Å utvikle ordforråd

- Elevane skal tileigna seg og bruka akademiske og fagspesifikke omgrep gjennom arbeid i enkeltfag og tverrfagleg.
- Akademiske og fagspesifikke omgrep skal arbeidast med munnleg/skriftleg ved hjelp av ulike læringsstrategiar.
- Elevane og lærarane skal bruke dei nye orda i ulike samanhengar, til dømes i det daglege, i munnleg og skriftleg arbeid og i presentasjonar.

Å kode om

Rettleia lesing på alle trinn er eit ansvar for alle lærarar og faglærarar

- Elevane skal kunne lese, skrive og forstå dei fleste orda dei møter i tekstane.
- Elevane skal i det daglege arbeidet visa at dei meistrar ulike lesestrategiar.
- Elevane skal kontinuerleg arbeide med ordkunnskap i alle fag og på alle trinn.
- Elevane skal vise at dei meistrar ortografi, teiknsetjing, variert ordforråd og bruk av ulike setningskonstruksjonar med utgangspunkt i ulike tekstar.

Kartlegging og vurdering av elevane sine kunnskapar og kompetanse

- Hovudansvaret ligg hjå kontaktlærar og norsklærar
- Nasjonale prøvar 8. og 9.trinn
- Carlstens leseprøvar
- Staveprøve, Lesesenteret
- Andre kartleggingar som kan nyttast: «Ordkjedetesten, setningsleseprøven, språk
- Resultata skal drøftast på klasselag, storlag, og i spesial-pedagogisk team. Om det trengst skal det blir satt inn tiltak(Tiltaksplan), dette kan for eksempel vere lesekurs, vidare kartlegging. Det må leggjast vekt på eit nært samarbeid med føresette.
- Dei kartleggingsresultata som kan, skal leggjast inn på <https://conexus.net/nb/engage/>

Tiltak for elevar som ikkje har forventa kompetanse

- Dei som ikkje skårar som forventa på kartleggingsprøvene må utgreiast vidare med t.d. LOGOS om dette ikkje er gjort på tidlegare trinn. Skulen skal ha kompetanse på området.



Å lese med forståing

I læreplanane og kompetansemåla står det at ein elev på tiande trinn skal kunne bruke lesestrategiar variert og fleksibelt i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa. Eleven skal og kunne tolke og vurdere ulike former for samansette tekstar. Arbeidet med dette må start allereie på åttande trinn.

Lese- og læringsstrategiar:

- I 8. klasse gjennomfører skulen ein kartlegging over kva strategiar elevane kan.
- Repeter og vidarefør dei strategiane som elevane har lært på barnesteget. Barnesteget må ha øvd på desse hovudstrategiane: Å strukturere informasjon, stille spørsmål ut frå tekst, gjengi innhald og gjenskape tekst.
- Elevane skal jamleg få trening i å analysere og vurdere form og innhald i tekst.
- I det daglege arbeidet må det setjast av tid til at elevane lærar å reflektere.
- Elevane skal arbeide med ulike læringsstrategiar.

Metakognisjon:

- Elevane skal i det daglege få trening i og tid til å reflektere over det dei les og over korleis dei skal lære.
- Elevane skal jobbe med strategiar som kan hjelpe dei når dei står fast eller ikkje forstår.
- Elevane skal jamleg samtale om korleis dei lærer best.

Korleis og når skal dette observerast:

- Elevane vert observert i løpet av skuledagen gjennom det daglege arbeidet.
- Kartleggingsverkty som t.d. fagsamtalar, skriftlege/ munnlege prøvar, presentasjonar.
- Nasjonale prøvar på 8. og 9.klasse

Tiltak for elevar som ikkje når kompetansemåla:

- Organiser tiltak som til dømes: lesekurs/ lesegrupper, oppfølgingstiltak av einskildelevar, leksehjelp

Å skape engasjement og ambisjonar.

- Eleven må få tekstar som er tilpassa sitt nivå, men som også er meningsfulle. Ein kan skape engasjement ved å ha tekstar med ein enkel historie med bilete og liknande. Her brukar me materiale som Lesestart (leseark), Haugstad ABC og «Far ser mor» hefter av Ingrid Alnes Buanes.

Å utvikle språkleg dugleik.

- Eleven skal lese enkle tilpassa tekstar minimum 3 dagar i veka for ein lærar. Eleven skal også ha ei leselekse som skal verte høyrd av lærar minimum 3 dagar i veka. Gjennom skuledagen skal også eleven ha meningsfulle samtalar om ulike tema der ein bruker norskfaglige omgrep, stiller og svarer på spørsmål både munnleg og skriftleg og kunne argumentere rundt kjente tema.

Å kunne kode om.

- Her skal eleven lære det norske alfabetet og kunne knyte bokstavlydar saman til ord og til slutt heile setningar. Til bokstavinnlæring nyttar Kaupanger skule Leseboka mi 1 og 2 av arbeid med ord og me nyttar programmet Aski Raski for å lære å avkode bokstavlydane.

Å lese med forståing.

- Å lese med forståing vil her seie at eleven ikkje berre skal avkode teksten, men også kunne gjengi innhaldet med eigne ord og vise leseforståing ved å svare på spørsmål frå teksten. Her nyttar Kaupanger skule forskjellige bøker frå serien «Leseforståelse» av Hanne Solem og andre tilpassa tekstar.

Kartlegging og vurdering.

Kartlegging og vurdering av eleven sin kunnskap og kompetanse vert gjort gjennom desse kartleggingsverktøya: UDIR sitt kartleggingsmateriell og kartleggingsprøvene frå Trondheim kommune «Trondheimsmodellen».

Nyttig:

www.lesesenteret.no

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/>

<http://www.nynorsk bok.no/klart-vi-les/>

Sogndal Bibliotek. Invitasjon til bibliotekbesøk blir sendt ut til 3., 6. og 8.klasse. Andre klassar er også velkomne, men det er dei tre klassestega som får skriftleg invitasjon. Skulen tek kontakt sjølve for andre klassar.

Låne klassesett med bøker på nynorsk av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Diverse vedlegg som kan vere nyttige

Vedlegg 1

Læringsstrategiar

Metode	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	5.kl	6.kl	7.kl	8.kl	9.kl	10.kl
*VØSLE										
***SAM-skjema										
Samandrag										
Nøkkelord										
**** Rammenotat										
Læresamtale										
BISON										
Lage spm til tekst										
Tankekart										
Notat										
Billettekst										
**VØL										
Bilde-Overskrift										
Omgrepskart										
Tankekart										
Aktivere forkunnskap										

*VØSLE: V- Veit frå før /Ø – Ynskjer å lære meir om /S – Slik vil jeg lære /L – Det eg har lært /E – Evaluering

**VØL: V – veit frå før / Ø –Ynskjer å lære meir om / L- Det eg har lært

[\(https://xn--lringsstrategier-uob.no/vol-og-vosle/\)](https://xn--lringsstrategier-uob.no/vol-og-vosle/)

***SAM-skjema: - Eit skjema der ein samanliknar to tekstar (eller to ting). Skriv kva som er spesielt for kvar tekst(sorterar) og kva som er likt/kva dei har til felles.

**** Rammenotat(vedlegg 2)

Vedlegg 2

Rammenotat, innføring av denne læringsstrategien.

?. klasse - Fag: Norsk. Tema: Ordklassar

Elevene får eit tomt skjema (Eller vel sjølv kor mykje du vil ha i skjemaet på førehand)
Læraren har eit tomt skjema og viser på tavla. Elevane kjem med forslag i dei ulike kolonnane, og skjema vert fylt ut samstundes av lærar og elevar. Vidare arbeid med skjemaet etterkvart som elevane lærer nye ordklassar. Målet er at dei skal kunne fylle ut vidare i skjemaet sjølv med fleire ordklassar.

EKSEMPEL:

Ordklasse	Definisjon med eigne ord	Nøkkelord	Døme	Illustrasjon	Anna
Substantiv	Namn på ein ting, ein stad osv	Eigenamn Fellesnamn Hankjønn Hokjønn Inkjekjønn Eintal Fleirtal	eit hus Oslo ein ei eit ei hytte mange hytter		
Verb					

Vedlegg 3

Lesehugseliste gjennom lesefasane

(Lese – forstå – hugse – lære, frå Vigdis Refsahl - Statped Sjøraust)

Før – medan – etter (døme på lesekriterium)

Lesehugseliste		x
Før Kva handlar teksten om? Kva veit eg om det frå før? Korleis er teksten bygd opp? Kvifor skal eg lese? Kva må eg spørje teksten om? Kva trur eg kjem i teksten? Kan eg bruke eit skjema? T.d. VØL-skjema	Lese overskrift og sjå på bilete. Skrive det ned. Bla i boka. Få oversikt, finne noko, lære. Lage spørsmål. Å ha ei forventning. Skrive inn det eg veit.	
Medan Kva er viktig å leggje merke til? Forstår eg det eg les? Vanskelege ord? Passar eg på å lese riktig? Undersøker eg når noko er uklart? Skriver eg opp nye ord? Noterar eg noko undervegs? Kan eg skrive inn i skjema?	Få med hovudinnhaldet. Ord, setningar og meiningar. Lesestopp Lese om igjen, lese nøye Slå opp, spørje Lage ei liste Omgrepskart Stikkord, punkt	
Etter Kan eg lage samandrag av teksten? Kan eg skrive inn i skjemaet? Hjelp skjemaet meg til å forstå og hugse? Kva har eg fått svar på? Kva har eg lært? Kan eg lage spørsmål til andre?	Skrive Skrive Tenkje Sjekke med spørsmåla Tenk og skriv Vere lærar	

Vedlegg 4

Omgrep knytt til lesing

Lesestrategi: Er den læringsstrategien ein vel å lesa ein tekst på. Det handlar om å velje rett lese måte til type tekst og føremål.

Lesemåtar: Det finst ulike måtar å lesa på, til dømes skumlesing, leitelesing, stillelesing, korlesing, ekkolesing, høgtlesing, stafettlesing, nærlesing, opplevingslesing

Lesefasar: Det er ulike fasar i lesesituasjonen: før du les (få overblikk), medan du les (lesestopp) og etter at du har lese (refleksjon / samtale/ skriftleg arbeid).

Lesestopp: Stoppe opp, tenkja og reflektera over innhaldet.

Repetert lesing: Ein repeterer lesing av bokstavar, bokstav-kombinasjonar, ord og samanhengande tekst for å få stadig betre flyt og auka tempo.

Korlesing: Lærar og elevane, ev. berre ei elevgruppe, les eit avsnitt av teksten i kor. Usikre lesarar les dei orda dei kan, og får støtte av meir kyndige lesarar. Svake lesarar får lesestøtte, og ein engasjerer elevane. Fin metode å bruka på ein tekst som er krevjande og har vanskelege ord.

Skumlesing: Lesing på «høggir», ein les ikkje nøye, men let auga gli raskt nedover sida. Ein les overskrifter og ord som er utheva. Ein les berre nokre ord for å finna ut kva teksten handlar om.

Leitelesing: Er ein funksjonell strategi for å finne fram i t.d. busstabellar. Ein leitar med både auge og fingeren for å finna akkurat det ein er på leiting etter.

Parlesing: Elevane les for kvarandre to og to. Dei byter på å lesa t.d. eit avsnitt eller ei sidekvar. Når dei er ferdige med å lesa, kan dei stille kvarandre spørsmål til det dei har lese.

Stafettlesing: Elevane les etter tur.

Nærlesing: Når ein les ei bok, eit blad eller ein teikneserie berre for å kosa seg, må ein nærlesast. Då les ein *heile* teksten. Før ein startar å nærlesast, er det lurt å sjå på overskrifter og illustrasjonar. Bør bruka læringsstrategien BISON-overblikk.

Hurtiglesing: Ein eigen metode for å lesa ein tekst. Det er å lesa så fort at ein berre får medseg orda, men ikkje nødvendigvis skjønner alt som står der.

Ekkolesing: Læraren les, elevane gjentek. Læraren modellerer ein god måte å lesa teksten på, og legg vekt på avpassing fart, stemmestyrke og tonefall etter innhaldet i teksten. Engasjerer heile klassen.

Sololesing: Gleda av å lesa høgt. Eleven les ein tekst åleine, få tak i innhaldet, trene på uttale ord, tilbakemelding frå lærar.

Veksellesing: Høgtlesing + medlesing + eigenlesing = engasjerer og er ei raskare framdrift enn ekkolesing. Lærar les høgt. Etter kvart er elevane med og les høgt i kor, for så til sluttlese åleine.

BO (bilete og overskrift): Ein ser på bilete og overskrift før ein byrjar sjølve lesinga. Ein kan då få ei før-forståing for kva teksten kan handla om.

Tankekart: Vert brukt til å setja ned idear på eit ark, få overblikk over eit emne eller ein tekst, organisera stikkord eller visa samanhengen mellom idear. Ein skriv temaet i ein sirkel. Deretter teiknar ein strekar ut frå midten til nye stikkord. Tankekartet kan hjelpa elevane til å

visualisere forståinga si, og gjer det lettare å illustrere overordna og underordna deler av eit omgrep. Eit tankekart kan vera ustrukturert (nedteikning av assosiasjonar) eller strukturert, til dømes som nivådelt tankekart.

Nivådelt tankekart: Er eit strukturert tankekart der ein til dømes sorterer underemne med fargar, tal eller bokstavar i ulike nivå. Nivådelt tankekart er ein strategi som kan gjere det lettare for elevane å skilje mellom hovudidear og detaljar eller mellom avsnittsoverskrifter og innhaldet i avsnitta.

Omgrepskart: Ein modell av eit kart der ein skriv eller teiknar eit omgrep i sentrum av kartet. Gjennom dialog med elevane skriv ein på til dømes forklaringar, eksempel eller teikningar som hjelper elevane til å forstå omgrepet.

Omgrepshus: Eit form for nivådelt omgrepskart med ein modell av eit hus der ein skriv eller teiknar eit omgrep. Gjennom dialog med elevane skriv ein på eller teiknar ord som hjelper elevane til å utvide forståinga av ordet.

VØL-skjema: Skjema med tre kolonnar der lesaren i før-fasen skriv opp kva han veit om temaet (V) og kva han ynskjer å læra om temaet (Ø). Etter lesinga, kan lesaren fylla ut kva han har lært (L) i den siste kolonna.

VØSLE-skjema: Skjema med fem kolonnar der lesaren i før-fasen skriv opp kva han veit om temaet (V) og kva han ynskjer å læra om temaet (Ø). (S) slik vil eg læra. Etter lesinga, kan lesaren fylla ut kva han har lært (L) og i den siste kolonnen (E) skal han evaluera resultatet /læringsutbyttet.

Billettekstar: Ein ser på billettekstar før ein byrjar lesinga. Ein kan då få ei før-forståing for kva teksten dreier seg om.

Nøkkelord: Ord som er spesielt viktige i ein tekst, sentrale stikkord. Kan skrivast ned for å lettare kunne hugsa kva teksten handlar om.

Spørsmål til tekst: Kan nyttast i førlesingsfasen for å skape undring og motivasjon. Kan også nyttast til å gjere elevane meir medvitne om kva dei skal læra.

BISON: Sjå på Bilete og bilettekstar, Innleiinga, Siste avsnitt, Overskrifter, NB! Ord som skil seg ut.

Læresamtale: To og to elevar samarbeider etter å ha lese ein tekst. Dei skal snakka etter tur. Samtalen har fire rundar. I kvar runde skal begge seia ei setning eller stilla eit spørsmål som byrjar med eit bestemt startord. Startord i 1. runde er «Eg har lært at...», 2. runde «Eg meiner den viktigaste setninga er...», 3. runde «Mitt faktaspørsmål er...» og 4. runde «Eg lurar på kvifor ...».